

Ugradert

-

Til kommunane i Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder

Deres ref:

Vår ref: 2012/267983

Dato: 14.12.2012

Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



INFORMASJONSBREV FRÅ MATTILSYNET - FLYTTING AV JORD

For tida er det stor aktivitet med utbygging og anleggsverksemd i mange kommunar, og mykje matjord vert flytta. Mattilsynet ynskjer difor å gjera merksam på krava i plantehelseregelverket for å hindra at planteskadegjerarar vert spreidde i samband med slike aktivitetar. Kommunen som planstyresmakt har ansvar for å sikra at skadegjerarar ikkje vert spreidde. Dette brevet frå oss er tenkt som eit bidrag til hjelp i dette arbeidet.

Relevant regelverk er:

- Lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven)
- Forskrift 1. desember 2000 nr. 1333 om planter og tiltak mot planteskadegjørere (forskrift om plantehelse) – hjemla i mellom anna matloven
- Forskrift 25. mars 1988 nr. 251 om floghavre – hjemla i matloven

Forbode å spreia planteskadegjerarar

§ 5 i matloven om etterlevingsplikt og systematiske kontrolltiltak slår fast at det er verksemdene sitt ansvar å sørge for at relevante krav gitt i eller i medhald av loven vert oppfylte. Verksemd er i loven definert som «ethvert privat eller offentlig foretak samt privatpersoner som foretar en hvilken som helst aktivitet» som er omfatta av loven, «bortsett fra aktiviteter i privat og ikke-kommersielt øyemed». § 18 i loven gjeld plantehelse, og der står det at alle (enhver) skal visa nødvendig aktsemd, slik at det ikkje oppstår fare for utvikling eller spreining av planteskadegjerarar. Ein som flyttar jord, står i fare for å spreia planteskadegjerarar, og må difor visa aktsemd.

Ifølge plantehelseforskrifta § 4 er det forbode å spreia planteskadegjerarar som er lista i vedlegg 1 og 2 til forskrifta. Fleire av planteskadegjerarane som er regulerte i forskrift om plantehelse finst i jord, og flytting av jord kan medføre spreining av desse til nye areal og område. Desse skadegjerarane er

Kvit og gul potetcystenematode (*Globodera pallida* og *Globodera rostochiensis*)
Lys ringrâte i potet (*Clavibacter michiganensis* subsp. *sepedonicus*)
Potetkreft (*Synchytrium endobioticum*)
Rød marg i jordbær (*Phytophthora fragariae* var. *fragariae*)

I tillegg er det ifølge forskrift om floghavre § 1 slik at alle (enhver) som handterer produkt eller varer som kan innehalda floghavre (*Avena fatua*), har plikt til å ta nødvendige forholdsreglar for at floghavre ikkje skal verta spreidd. Floghavre kan m.a. spreiaast med jord som inneheld floghavrefrø.

Det er difor iht. forskrift om floghavre § 7 forbode å føra bort jord frå eigedom der det er floghavre eller mistanke om floghavre.

Planteskadegjerarane nemnt ovanfor gjer at jord ikkje utan vidare kan køyrast bort utan at jorda sin status for desse skadegjerarane er avklara. For å finna ut kva status jorda i eit område har når det gjeld planteskadegjerarar, må ein først kontakta Mattilsynet lokalt, som har oversikt over kva restriksjonar jorda på eigedomane har. Dersom jorda på aktuelle eigedomar ikkje er undersøkt og status difor er ukjent, må det tas jord- eller planteprov. Sjå oversikt i tabellen nedanfor over kva grunneigar (ev. utbyggjar, entreprenør) skal gjera for å finna status for den enkelte skadegjerar i det aktuelle området. For at graving og jordflytting skal kunna skje utan restriksjonar, må eigedomane vera fri for alle dei nemnde skadegjerarane.

Grunneigar er ansvarleg

Når det er nødvendig å ta ut jord- eller planteprov, er det grunneigar eller den grunneigar set som ansvarleg (t.d. utbyggjar eller entreprenør), som har ansvar for at provar vert tekne og sende inn til analyse. Det er òg grunneigar eller den grunneigar set som ansvarleg for dette (t.d. utbyggjar eller entreprenør), som betaler for analysane.

Skadegjerar	Aktivitet for å finna status	Ytterlegare handlingar
Potetcyste-nematode (potetål)	Kontakt Mattilsynet lokalt for å få tilgang til oversikt over eigedomar med restriksjonar etter påvist potetcystenematode. Ta jordprøvar ved ukjent status, og senda desse til analyse til Bioforsk.	Få instruks for prøvetaking og skjema for innsending av prøvar frå Mattilsynet. Kontakt Planteklinikken Bioforsk Plantehele for pristilbod for analyser og annan nødvendig informasjon.
Lys ringrâte	Kontakt Mattilsynet lokalt for å få oversikt over eigedomar med restriksjonar etter påvist lys ringrâte. Dei fleste eigedomar med potetproduksjon er prøvetatt i Mattilsynet sine overvåkingsprogram dei siste åra. Dersom det ikkje har vore dyrka poteter på eigedomen dei siste 3 åra, er det ikkje nødvendig å ta jordprøvar for lys ringrâte.	Viss ikkje påvist, kan graving og jordflytting skje utan restriksjonar.
Potetkreft	Kontakt Mattilsynet lokalt for å få informasjon om ev. endra status for skadegjeraren.	Graving og jordflytting kan skje utan restriksjonar i Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder pr. desember 2012.
Raud marg i jordbær	Kontakt Mattilsynet lokalt for å få oversikt over eigedomar med påvist raud marg i jordbær. Ta prøvar av jordbærplanter ved ukjent status, dersom dette er mogeleg. Dersom det ikkje er jordbærplanter i jorda, kontakt kommunal landbruksforvaltning for informasjon om ev. tidlegare jordbær dyrking. Sjukdomen kan overleva i meir enn 15 år i jorda. Ved tidlegare jordbær dyrking må ein ta høgde for at det er smitte i jorda.	Kontakt Mattilsynet for informasjon om prøvetaking. Kontakt Planteklinikken, Bioforsk Plantehele for pristilbod for analyser og annan nødvendig informasjon.
Floghavre	Kontakt Mattilsynet for å få oversikt over eigedomar med påvist eller mistenkt floghavre.	Viss ikkje påvist eller mistenkt, kan graving og jordflytting skje utan restriksjonar.

Tilsyn

Mattilsynet kan når som helst føra tilsyn med aktivitet som vert omfatta av matloven og forskriftene om plantehelse og floghavre, jf. matloven § 23, samanlikna § 2 loven sitt virkeområde. Mattilsynet kan krevja nødvendig dokumentasjon frå verksemda (grunneigar, utbyggar, entreprenør) som stadfester at verksemda ikkje bryt regelverket, jf. Matloven § 14. Mattilsynet kan om nødvendig stogga aktivitet som er i strid med forbod i regelverket, jf. matloven §§ 23 og 25.

Mattilsynet minner om at brot på regelverket, med eller utan forsett, i ytste konsekvens kan straffast med bøter eller fengsel eller begge deler, jf. matloven § 28.

Kan søkja om dispensasjon

Dersom ein eller fleire av skadegjerarane er påvist eller vert påvist ved analyse etter prøvetaking, er det i utgangspunktet forbode å grava eller flytta jord. Det same gjeld ved mistanke om raud marg i jordbær, i dei tilfelle dette ikkje kan stadfestast eller avkreftast ved hjelp av analyse av planteprøve. Grunneigar eller den grunneigar set som ansvarleg, (t.d. utbyggar eller entreprenør) kan søkja Mattilsynet om dispensasjon frå forbodet mot flytting av jord. Dette må gjerast før gravinga tek til. I dispensasjonssøknaden må det beskrivast korleis massen er tenkt disponert, saman med plan for transport og reingjering av maskiner/hjul/utstyr.

Med unntak for jord med floghavre, kan slik jord etter innvilga dispensasjon flyttast til friområde, fotballbane, golfbane, eller nyttast til revegetering i stein-/grus-/sandtak eller veiskråning. Ta omsyn til moglege avrenning eller vinderosjon til landbruksjord. Jord med floghavre må gravast ned djupare enn 50 cm. Det beste er om dette kan skje innan eigedomen med påvising.

Verksemda som skal flytta jorda, må gjennom plantefagleg forsvarlege tiltak sikra seg at planteskadegjerarar ikkje kan verta spreidde. Verksemda må sjølv skaffa seg nødvendig kompetanse om dette, og har ansvar for at alle som deltek i aktiviteten med å flytta jorda har tilstrekkeleg kompetanse, jf. matloven § 8.

Etter det Mattilsynet har fått opplyst, har matjord frå enkelte utbyggingsområde vorte ført tilbake til jordbruksområde. Dersom status for jorda ikkje er kjent, og det heller ikkje er teke jordprøvar som vert analyserte før gravinga tek til, vil gardsbruket som tek imot jorda få ukjent status når det gjeld jordbuande planteskadegjerarar. Gardsbruket som tek imot jorda kan risikera å få restriksjonar som legg føringar for landbruksproduksjonen på eigedomen for lang tid framover.

Kontaktinformasjon

Mattilsynet

Felles postmottak, Postboks 383

2381 Brumunddal

Tlf.: 22 40 00 00

Faks: 23 21 68 01

e-postadresse: postmottak@mattilsynet.no

Planteklinikken, Bioforsk Plantehelse

Høgskoleveien 7

1432 Ås

Tlf.: 452 11 439

Faks: 64 94 61 10

e-postadresse: planteklinikken@bioforsk.no

Med helsing

Hilde-Marie Birkeland
Seniorrådgjevar

Kopi til: Mattilsynet sine distriktskontor i regionen